



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Miljødirektoratet

Dato: 20.09.2019

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4 H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Høyring - kunstgrasbaner med gummigranulat som forureinar naturen**

Vi viser til høyring om ny forskrift om etablering og drift av idrettsbaner med plastholdig laust fyllmateriale med høyringsfrist 31.10.2019.

Innleiingsvis vil vi seie at vi er glade for at miljømyndigheitene no tenkjer å iverksette nødvendige tiltak for å gjere noko med dei uheldige sidene av idretten si anleggsutbygging i høve til naturen og miljøet. Det er no på tide at ein ser også på idretten ut frå samfunnet og naturen sin ståstad. Vi vil difor vise til vårt brev til Kulturdepartementet og Klima- og miljødepartementet av 20.06.2018 (sjå vedlegg) der vi peiker på manglande bruk av naturmangfoldlova (samt anna grønt lovverk) ved vurdering av idrettsanlegg.

Kunstgrasbaner med ifyll av gummigranulat frå bildekk har blitt svært vanleg samstundes som at Miljødirektoratet fastslår at dette er den nest største kjelda til mikroplast ut i naturen i Norge i dag. Det er fristande å be om ei reversering av den historiske utviklinga frå gras- til grus- til kunstgrasbane til beste for samfunnet, våre kroppar og miljøet. Men dette er vel urealistisk i dagens Norge.

Ved førespurnad den 26.04.2017 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttrykte FNF Møre og Romsdal bekymring for dei store mengdene med gummigranulat frå kunstgrasbanene våre som forsvinn ut i naturen i fylket vårt. FNF Møre og Romsdal bad om tilbakemelding frå Fylkesmannen om kor vidt forureininga av gummigranulat frå kunstgrasbanene krev utsleppsløyve. Fylkesmannen svara;

**«Fyrst vil vi takke for at dykk engasjerer dykk i eit viktig tema. Spreiing av gummigranulat utanfor sjølve bana reknast som forsøpling og er ikkje lov. Kommunen har myndigheit til å krevje opprydding. Det er ikkje aktuelt å gje utsleppsløyve til utslepp av gummigranulat. Etter det vi veit, går det ein nasjonal diskusjon om korleis denne problemstillinga kan løysast.**



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

***Fylkesmannen har foreløpig ikkje fått noko myndigheit eller oppdrag innanfor dette området, utan om den generelle rettleiingsplikta vi har for kommunane. Det vil også bli ein nasjonal tilsynsaksjon i forhold til kommunen som forsøplingsmyndigheit, utan at vi per i dag veit om det vil settast eit spesielt fokus på forsøpling av gummigranulat.»***

Dette svaret frå vår Fylkesmann vart formidla til kommunane (og fylkeskommunen) i fylket vårt 02.05.2017.


FNF Møre og Romsdal har i to vendingar (06.02.2017 samt 16.10.2018) gjort kommunane i fylket vårt merksame på utfordringa med gummigranulat på avveie frå kunstgrasbanane. Vi har også ved våre to førespurnader bede kommunane om tilbakemelding på korleis dei handterer gummigranulaten frå banene på generelt grunnlag og på utvalde baner.

Vi registrer at det fortsatt blir ytt statsmidlar (spelemidlar) til nye kunstgrasbaner i fylket vårt utan at det blir satt krav til miljøet sett ut frå dagens kunnskap om mikroplast. I 2018 gav fylkeskommunen tilsagn om statstilskot (spelemidlar) til 15 kunstgrasbaner i 12 kommunar i fylket vårt. Vi valde då å følgje opp desse 12 kommunane med å plukke ut 1/2 tilfeldig utplukka eksisterande kunstgrasbaner for å sjekke korleis desse blir drifta. Eventuelt om dei meiner å ha utsleppsløyve for å sleppe ut gummigranulaten i naturen/vassdrag/sjø.

Svara frå kommunane(/fotballklubbane) på våre spørsmål om gummigranulat er lagt ved. Tilbakemeldingane frå kommunane i fylket vårt varierar frå intet svar til utfyllande svar på kva tiltak som blir gjort og med spesifisert tal på tap av gummigranulat. For ein av kommunane har vi fått tal for kor mykje gummigranulat som har vore tilført i perioda 2003-2016 slik at vi har kunna gjort eit anslag på mengde svinn ut i naturen av gummigranulat. Ut frå dette har vi estimert svinn frå ein standard fotballbane (ca 8000 m<sup>2</sup>) til 200 kg der det ikkje er snøbrøyting medan det er rundt 1000 kg svinn (5 gonger så mykje) der det er snøbrøyting. Desse tala reknar vi å vere omtrentlege tal der det er eit godt driftsapparat knytt til bana. Det er etter vårt skjønns god grunn til at tru at svinnet frå kunstgrasbaner som har mykje vinterbrøyting utan hensyntaken til naturen rundt, der ein til dømes dumper snøen med gummigranulat i frå kunstgrasbana i nærmaste skråning utan moglegheit til å føre gummigranulaten tilbake til bana, er mykje høgere enn eit tonn for året.

Det er ingen kommune som svarar at dei har vurdert eller nytta forureiningslova for å regulere dette sjølv om dei har heimel til det. Mykje av svara kjem også direkte frå fotballklubbane som viser at kommunane i liten grad har kompetanse innan naturvern og miljø.

Slik vi tolkar situasjonen med gummigranulat i vårt fylke no er det nokre kommunar/anleggseigarar som tek utfordringa på alvor. Men flesteparten let nok vere å sjå problemet og let vere å drifte banane slik at gummigranulaten blir fanga opp.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Mykje av utfordringa ligg nok i at det er kommunale anlegg der kommunane ikkje drifter optimalt grunna økonomi. Samstundes meiner vi å sjå at det trengs kunnskap ein del stader, men det er nok diverre mange som bevisst driv feil sjølv om kunnskapen er der. Tilbakemeldingane frå kommunane ber også preg av «ei vente å sjå haldning» i påvente av lovendring. Dette til tross for at kommunane er gjort merksame på at dei kan gjere noko med dette sjølv ved å sette krav om ordna forhold og opprydding jfr eksisterande lovverk (forureiningslova). Når kommunane ikkje brukar forureiningslova, er vel årsaka truleg den sterke posisjonen lokalidretten har i både kommuneadministrasjon og hos kommunepolitikarane. Slikt sett skulle kommunane ha ordna opp i dette utan ein sentral forskrift.

Vi les i høyringsdokumentet at ein ønskjer å høyre synspunkt på når ein ønskjer implementering av krava i den føreslegne forskrifta i eksisterande anlegg. Slik vi oppfattar analysen utført i høyringsdokumentet er det rekna berre på kostnaden for anleggseigar for implementering og har endt opp med ei romsleg tid (6 år eller ved rehabiliteringstidspunkt som jo kan vere tiår fram i tid). Samstundes står det i høyringsdokumentet;

*«En lengre overgangsperiode vil innebære at baneeierne kan utsette tiltakene, og at utslippene dermed fortsetter i en lengre periode enn dersom baneeierne umiddelbart må etterkomme forskriften.»* Nettopp; det er tydelegvis då naturen som fortsatt skal li i påvente av denne forureininga skal fortsette som burde vere stoppa umiddelbart då ein vart klar over situasjonen. Denne fortsatte utsetting av løysing av problemet er ikkje Norge verdig i 2019.

### Konklusjon

Ein må jo vere svaksynt om ein er nær ei kunstgrasbane i dag og ikkje ser utfordringa med mikroplast ut i naturen. Ut frå vår erfaring i Møre og Romsdal er det store bildet at idretten ikkje tek miljøutfordringane med gummigranulat på alvor. Sjølv om forureiningslova regulerer denne ulovlegheita og at spelemidlane ligg tilgjengeleg for finansiering av tiltaka, blir ikkje denne moglegheita nytta i dag. Det må nok difor til ein innstramming i regelverket som minimerer skadane ved desse utsleppa av mikroplast ut i naturen. Vi rår difor til at forskrift for handtering av gummigranulat blir vedteken. Når det gjeld dei to alternative overgangsordningane for eksisterande baner rår vi til alternativ 1 med 2 år som tidsfrist for gjennomføring. Vi rår også til at statsmidlane (spelemidlane) til kunstgrasbaner går til rehabilitering framfor å byggje nye kunstgrasbaner inn til dette er på stell.

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

---

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



**f**orum for  
**n**atur og **f**riluftsliv  
Møre og Romsdal

Vedlegg:

Brev frå FNF Møre og Romsdal til KUD og KMD av 20.06.2018

Brev frå FNF Møre og Romsdal til kommunane om gummigranulat av 06.02.2017

Notat – tilbakemelding frå kommunane på vårt brev av 06.02.2017

Brev frå FNF Møre og Romsdal til Fylkesmannen av 26.04.2017

Brev frå FNF Møre og Romsdal til kommunane om gummigranulat av 16.10.2018

Notat – tilbakemelding frå kommunane på vårt brev av 16.10.2018

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal